



Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Driftskomite	02.09.2014	032/14

Høring : Framlegg til endringar i stadnamnlova

Dokumentnr	Tittel
241608	Høyringsbrev - framlegg til endringar i stadnamnlova
183757	Stadnamn / stedsnavn - forslag til endring i lov - høring
241899	Høyringsfråsegn - bruksnamn og nomering

Rådmannens forslag til

vedtak:

1. Driftskomiteen i Odda kommune ser på **Lov om stadnamn** som eit viktig rammelov for kulturminneforvaltinga sitt virke i dagleglivet til folk flest og sluttar opp om arbeidet med å tydeleggjera og forenkla lov om stadnamn når det gjeld defenisjonar av lovterminologi, strukturar og språk og med det tydeleggjera at det er meningsinnhaldet i og skrivemåten av stadnamna som representerer kulturminneverdien og at det er denne verdien som har trong for eit særskilt vern.
2. Driftskomiteen går sterkt imot at den offisielle skrivemåten til dei einskilde bruksnamna ikkje skal fylgja av gardsnamnet når bruksnamnet inneheld gardsnamnet som element.
3. Driftskomiteen peikar på at lovframlegget ikkje held oppe det prinsipielle skiljet mellom det offentlege rommet og det private sfære ved det at lovframlegget langt på veg bryt ned det etablerte skiljet mellom mitt og ditt som ligg nedfelt i h.v. lov om personnamn og lov om stadnamn. Framlegget innskrenkar det offentlege rommet og er heller ikkje i samsvar med god forvalting av dei kulturhistoriske verdiane stadnamna representerer og som nett stadnamnlova er sett til å vakta og fremja. Driftskomiteen i Odda viser utdjupande til saksutgreiinga om eigar /festar sin føreslegne – til ei kvar tid - private råderett over fastsetting av bruksnamn.

02.09.2014 Driftskomite

Behandling:

Rådmannen ved kommunesekretær Jordal orienterte til saka etter oppmoding frå repr. Rasmussen (A).

Ekkje (H) føreslo at "sterkt " går ut av pkt 2 innstillinga

DRK-032/14 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg med Ekkje sitt endringsframlegg vart samr. vedteke.

Vedtaket er ;

1. Driftskomiteen i Odda kommune ser på **Lov om stadnamn** som eit viktig rammelov for kulturminneforvaltinga sitt virke i dagleglivet til folk flest og sluttar opp om arbeidet med å tydeleggjere og forenkla lov om stadnamn når det gjeld defenisjonar av lovterminologi, strukturar og språk og med det tydeleggjere at det er meningsinnhaldet i og skrivemåten av stadnamna som representerer kulturminneverdien og at det er denne verdien som har trong for eit særskilt vern.
2. Driftskomiteen går imot at den offisielle skrivemåten til dei einskilde bruksnamna ikkje skal fylgja av gardsnamnet når bruksnamnet inneheld gardsnamnet som element.
3. Driftskomiteen peikar på at lovframlegget ikkje held oppe det prinsipielle skiljet mellom det offentlege rommet og det private sfære ved det at lovframlegget langt på veg bryt ned det etablerte skiljet mellom mitt og ditt som ligg nedfelt i h.v. lov om personnamn og lov om stadnamn. Framlegget innskrenkar det offentlege rommet og er heller ikkje i samsvar med god forvalting av dei kulturhistoriske verdiane stadnamna representerer og som nett stadnamnlova er sett til å vakta og fremja. Driftskomiteen i Odda viser utdjupande til saksutgreiinga om eigar /festar sin føreslegne – til ei kvar tid - private råderett over fastsetting av bruksnamn.

Saka gjeld:

Høringsfristen er etter kontakt med departementet utvida til 19. september

I høyringsrunde 1 i 2012 gav Odda kommune uttale – den ligg som vedlegg 2 .

Fleirtalet frå denne høyringsrunden gjekk imot framlegget om å gi eigar / festar rett til å fastsetja bruksnamn etter eige skjøn – dersom det kunne påvisast at namnet hadde vore brukt i offentleg samanheng utan strenge krav til dokumentasjon og med krav at det offentlege er pliktige til på bruka det eigar / festar har bestemt på skilt, kart m.v.

Ein illustrasjon på korleis det då kan gå er å finna i vedlegg 3: Uttale frå Ullensvang Mållag for gardsnamna : Haustveit, Hauso og Årekol.

Høyringsrunde 2 går no – sjå vedlegg 1 og vidarefører framlegget til hovudendring som sist med ei todeling av namn som:

- a. skal fylgje offisiell rettskriving (gardsnamn og andre funksjonsnamn enn bruksnamn som vegar, gater, plassar, institusjonar av ein kvar art) og
- b. bruksnamn – der eigar /festar til ei kvar tid – vert gitt råderetten over namnet inkl. den offisielle skrivemåten av det med juridisk bindande verkand for det offentlege.

Når det gjeld adressenamn vil det likevel fort oppstå misstydingar og svekka språkkjensle i konfliktfeltet mellom gardsnamn og bruksnamn. Eg les likevel framlegget slik, at vegnamn generelt og som adressenamn spesielt skal fylgje regelverket om formell vedtakskompetanse og offisiell rettskriving som fylgjer av gardsnamnet, og at det ikkje kan oppstå variantar av same namnet dersom det føreligg er avvikande skriftlege former i bruk.

Uansett vil dei føreslegne endringane i lova medføra auka byråkarti og nye konfliktfelt, samt svekka språkkjensle ved at den faste norma forsvinn og stadnamnet sitt reelle meiningsinnhald vert tilsørd ved at unorske skrivemåtar nedfelt i familienamn vert aktivert som stadnamn i offisiell samanheng og at norsk rettskriving vil bli svekt.

Igjen må det det prinsipielle skiljet mellom stadnamn og personnamn som til no har vore bærebjelken i lov om stadnamn og liv om personnamn visast til som rettesnor.

Høyringsfristen som går fram av vedlegg 2 var for kort. Framlegg til lovendring av stadnamn er primært politisk og kjem midt i den politiske sommarferien. Høringsfristen er etter kontakt med departementet utvida til 19. september.

Vurdering /drøfting:

Høyringsdokumentet gjer greie for dei essensielle spørsmåla og hovudframlegg til lovendring på side 3 og 4 – sjå pkt . Samandrag. Høyringsdokumentet går grundig gjennom gjeldande rett, drøftar framlegga punkt for punkt (*Departementet sitt syn*) og summerer opp framlegga § for §.

Høyringsdokumentet er ei solid drøfting der det kjem klart fram at nytt framlegg til «Lov om stadnamn» definerer korleis skrivemåte for ulike stadnamn skal fastsetjast og kven som skal gjera det og kva språklege- og kulturfaglege- / kulturpolitiske premisser som skal leggest til grunn og inneheld ei rad forslag.

På plussida kjem og at den nye lovteksten gjer lova tydelegare –ikkje minst når det gjeld presis terminologi og forståinga av omgrep som gardsnamn, bruksnamn, definisjon av kva med stadnamnet som treng særskilt vern, primærfunksjon og nedverd uttale.

Under føremål med lova § 1 er det ført inn eit nytt krav til skrivemåten. Skrivemåten skal ikkje lenger vera «praktisk og teneleg», men skriftforma skal no vera «*praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet*»

Poenget med endringsframlegget er å få fram at det er meiningsinnhaldet i namnet som er namnet sin bærande verdi i framlegg til lov om stadnamn, og at det er denne verdien som utløyser kravet om vern. Lova vert slik eit meir aktivt verkemiddel for å sikra vern av meiningsinnhaldet.

Høyringsdokumentet peikar på skilnaden mellom t.d. etternamn og stadnamn (som oftast eit gardsnamn/ avleidd av gardsnamn) og som ca. 70 % av alle etnisk norske nordmenn har – eit unikt høgt tal i Europa og heng saman med spreidd busetting, små bydannelsar, frávær av adelsvelde og «unasjonal» sentralmakt.

Stadnamn og etternamn er to skilde sfærar juridisk kulturhistorisk(t.d. hadde flesteparten av bygdefolk - som det og var flest av - heilt fram til slutten av 1800 talt ikkje fast etternamn* og skifte namn etter som ein flytte (og det gjorde faktisk dei fleste)
(* sjå vedlegg 1 side 6 og 7- pkt 3.4: Etternamn og gardnamn)

Lov om personnamn kom først i 1923 har ikkje oppgåver retta mot fastsetting og forvaltning av stadnamn.

Stadnamnlova regulerer ikkje val av etternamn/ familienamn og heller ikkje bruken eller skrivemåte av det.

Stadnamn tilhøyrrer den offentlege rommet slik personnamn inkl etternamn tilhøyrrer den private sfæren. Stadnamnlova regulerer og fastsetting av skrivemåten av stadnamnet , definerer vernetrongen (det meiningsbærande innhaldet) og er plassert det offentlege rommet. Stadnamn er ein del av samfunnet sin kulturarv og skal forvaltast i det offentlege rommet.

Det er eit godt ryddig og funksjonelt prinsipp som bør «vaktast og vyrdslast» – og det er her lovframlegget «buklandar» ved å føreslå at :

Eigar /festar av eit bruk vert til ei kvar tid gitt råderetten over skrivemåten til namnet -inkl. den offisielle skrivemåten av det med juridisk bindande verkand for det offentlege – dersom det kan påvisast at namnet har vore i offisiell bruk tidlegare.

Tidlegare skrivemåtar – ofte vidareført i familienamn –men ikkje i gardsnamnet - er i reglen ofte reminisensar av unorsk skrivemåte frå dansketida og skiftande motar for bokstaving som har blitt bevart som slektsnamn der stadnamnet (gardsnamn og bruksnamn) har funne ei form som både er i pakt med gjeldande rettskrivingsreglar på norsk - og som ikkje skyggjer for innhaldet. (døme: Woie for Våge, Minde for Minne, Quale for Kvåle osv.)

Framlegget sitt realinnhald er at det bryt privatsfæren inn det offentlege rommet når forslaget gir eigar / festar av **bruksnamn*** retten til å fastsetja skriftform for dette som avvik frå gardsnamnet med bindande verkand for offentleg bruk.

(* Bruksnamn definerer lovframlegget slik: Namn på gardsbruk eller eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer)

Det fylgjer og av framlegget at eigar/festar skal kunne skifta namn med juridisk bindande verknad – nær sagt til ei kvar tid - og det skal ikkje stillast strenge krav til dokumentasjon.

Effekten vil lett kunna bli forvirring, missforståelsar – ikkje minst om rett skrivemåte også for gardnamnet, auka byråkrati og svekt språkkjensle og tilsløring av meiningsinnhaldet - nett det som lov om stadnamn etter sitt eige føremål skal til vakta om.

Det vil lett føra til at dei historiske banda som er eit av føremåla med stadnamnlova vert svekka / skygd for og det vil generelt svekka norsk som språk (forvirring og skiftande former basert på skiftande tidlegare rettskrivingsprinsipp. Til det må føyast at her spela og manglande språkforståing i embetsstanden ei viktig rolle – slik at dei fleste gardsbruksnamn har hatt svært skiftande skriftformer opp gjennom tida. Forslaget i lova er no at slike skriveformer skal bli «påtvunga» det offentlege på nytt ved at privatretten ved eigar /festar sin vilje til ei kvar tid - bryt seg inn i det møblerte offentlege rommet.

Rådmannen legg til grunn m.a. følgjande

Stadnamna er eit usynleg kulturlandskap som ligg «oppå» naturlandskapet. Det er det

meningsbærande innhaldet i stadnamna som har krav på vern utifrå sin eigenverdi og kulturhistoriske verde.

Dette vernet må ivaretakast utifrå eit kulturpolitisk standpunkt innanfor eit fagleg kvalifisert system og bør og må skiljast frå privat smak eller usmak og den tilfeldige eigaren/festar sitt språksyn dersom sjølve føremålet i lovframlegget på ein god måte skal ivaretakast over tid.

Det vert her vist direkte tilbake til ; Føremål og verkeområde for lov om stadnamn slik det får fram av vedlegg 2

Økonomiske konsekvensar: Nei – berre tap av kulturkapital, samt meirutgifter på sikt for det offentlege .

Uttale frå kommunale råd: Ikkje tid til å innhenta uttale med den korte fristen som departementet opprinnleg sette.

Saka sitt forhold til

Overordna planar og lovverk:

- a. Kommuneplan – samfunnsdel :Ingen
- b. Aktuelle lover : Endring av stadnamnlov.

Folkehelse, livskvalitet og oppvekstmiljø: God namngjevingskikk som bygger på lokale stadnamn med skrivemåte som ikkje skygger for meningsinnhaldet skaper positiv profil, tryggare identitet og sterkare språkforståing hos innbyggerane.

Klima, miljø og energi: Ingen

Verdiskaping og næring: Ingen – ikkje målbar

Samandrag/ konklusjon

- Ja til forslaga om endignar i lovframlegget om: Definisjonar, struktur og språk
- Nei til at eigar / festar skal ha særskilt råddrett over skrivemåten av bruksnamn med juridisk bindande konsekvensar for det offentlege.

Stadnamna er ein del av det offentlege rommet, slik personnamn er ein del av den private sfæren. Det er eit forhold som staten som styresmakt (departement, regjering og storting) ikkje berre bør respektera, men og verna om i lovs form og ikkje som i framlegget føreslå å bryta ned.

Saka skal ekspederast av: Sakshandsamar
Særutskrift skal sendast til: Kulturdepartementet,
Odda mållag,
Ullensvang Mållag
Hardanger Historielag
Arkiv